



Møre Folkehøgskule

# Sjølvevaluering og kvalitetssikring

Skuleåret 2021 - 2022

## Innhold

Innleiing - bruk av sjølvevalueringsrapporten.....	3
Omtale av skulens verdigrunnlag og målsetting.....	4
Om Møre Folkehøgskule.....	4
Verdigrunnlag og mål.....	4
Grunnfjellet.....	5
Verdiar .....	5
Kompetansar .....	5
Danningsideal, - «Stå opp, stå fram, stå imot!» .....	6
Læringsarenaer.....	6
Prosedyrar for sjølvevaluering, kvalitetssikring og kvalitetsutvikling, - medverknad og funn.....	7
Innleiing: .....	7
Koronapreg på skuleåret.....	7
Evaluerings- og utviklingsarbeid .....	7
Tema for kvalitetsutvikling:.....	8
Fokus på danningperspektiv i undervisninga.....	8
Plan for helse – miljø – tryggleik, HMS.....	8
Elevevalueringar .....	9
Elevsamtalar .....	9
Assistentane (andreårselevar).....	10
Tilsette-evaluering .....	10
Medarbeidarsamtalar .....	10
Kjøkkenet og matsservering .....	10
Linjetilbodet .....	11
Fokus for sjølvevaluering skuleåret 2021 – 2022 .....	12
Pedagogisk fokus.....	12
Øvrig drift.....	12
Anna utviklingsarbeid .....	13

## Innleiing - bruk av sjølvevalueringsrapporten

Norsk folkehøgskule har utgangspunkt i ei frilynt folkeleg rørsle med røter i opplysningstida. Desse ideane skal ha ei dagsaktuell utforming som får konsekvensar for korleis skulen konkret legg til rette for læring på både fysiske og pedagogiske læringsarenaer. Arbeidet har fokus på heilskapen i skulen sine verdiar og praksis, og har som mål å stadig auke kunnskap, medvit og kompetanse i personalet. Skulen skal tydeleggjere verdigrunnlaget, og sikre kvalitet og samanheng mellom teori og praksis.

Møre folkehøgskule er ei stifting med eit eige styre. Styret for stifting har det overordna ansvaret for dei økonomiske og bedriftsmessige sidene ved skulen. Styret har minst 4 møter pr. år og gjer vedtak knytt til budsjett og rekneskap. Med heimel i folkehøgskulelova er det også etablert eit skulestyre som har hand om dei faglege og personalmessige sidene ved drifta.

Sjølvevalueringsrapporten blir lagt fram for styret for Møre folkehøgskule og skal vere «pulsslaget» i det faglege utviklingsarbeidet. Både frå administrasjonen og frå styret si side er det eit ynskje å bruke rapporten til å gjere opp status for året som har gått og formulere mål og strategiar for vidare arbeid. Administrasjonen må såleis gjere relevante evalueringar og styret får høve til å ta ansvar for styring og utvikling av den ideologiske og pedagogiske delen av drifta. Det er styret for skulen som tilset og seier opp personell.

Med utgangspunkt i ei felles vedtak gjort hausten 2019 sentralt i folkehøgskulen, skal alle lokalt utforme ein klimaplan for sin skule. Det er ei målsetting av dette skal vere eit fast innslag i skulen sin sjølvevalueringsrapport. Slik vil vi bidra både til å sikre at folkehøgskulen er «i front for det grønne skiftet» og at klimafokuset blir ein del av dei dannelsesprosessar som både elevar og personalet er ein del av. Prosedyrar og plan for skulen sitt klima-arbeid blir omtala under eiga overskrift under fokus for sjølvevaluering komande skuleår.

Møre folkehøgskule, Ørsta 30.05.22

Rune Hovde, rektor

## Omtale av skulens verdigrunnlag og målsetting


### Om Møre Folkehøgskule

Møre Folkehøgskule vart stifta i 1899 og ligg i Ivar Aasen si heimbygd, Ørsta. Skulen er eigd av Stiftinga Møre Folkehøgskule. Skulen er knytt til Folkehøgskoleforbundet (FHF) og Informasjonskontoret (IF) for folkehøgskulen.

### Verdigrunnlag og mål

For eit systematisk og målretta arbeid med skulen sitt verdigrunnlag og fagleg fokus har vi nytta eit *hus* som metafor. (sjå fig. nedanfor) Bygging og innhald til dette «huset» er eit dynamisk arbeid som blir forma av personalet i spenninga mellom trendar i tida og grunnleggande idéar og teser i frilynt folkehøgskule sin tradisjon.

Arbeidet blir også forma av dei einskildpersonar som til ei kvar tid er tilsett på skulen, både lærarar og anna personale. «Grunnfjellet», «grunnmuren» og «bærebjelkane» er fundamentet i skulen sitt verdigrunnlag. Så langt har personalet i fellesskap arbeidd med å sette ord på *danningsideal*, *verdier* og *kompetansar*. For å bli stadig betre skal vi dei komande åra jobbe vidare med dei øvrige omgrepa og jobbe med desse inn mot dei ulike læringsarenaene. Dette vil bidra til å danne eit personale som er stadig meir målretta og medvitne i sitt faglege og ideologiske arbeid.



## Grunnfjellet

Møre Folkehøgskule sit formål er med utgangspunkt i lov om folkehøgskule, å fremje allmenndanning og folkeopplysning.

Møre Folkehøgskule sitt verdisyn er tufta på Grundtvig sine opplysningstankar og skulesyn. Mennesket er i stadig utvikling. Med utgangspunkt i naturen og den folkelege lokale kulturen ynskjer vi å fremje vekst og utvikling til det betre for ein sjølv og andre.

Vi vil nytte fagområde som er knytt til lokale føresetnader og tradisjonar. Skulen ynskjer å vere inkluderande i høve svake grupper i samfunnet. Målsetjinga er at elevane skal lære seg sjølv betre å kjenne. Gjennom ulike aktivitetar og situasjonar i samspel med andre, vil dei møte ulike sider av seg sjølv. Gjennom samtale, samhandling og samarbeid skal vi skape opplevingar for kvarandre. Skulen ynskjer det mangfald som mange linjer og fag gjev oss, at elevane får møte og bryne seg mot andre som har heilt andre interesser og perspektiv enn dei sjølv.

## Verdiar

- - Livsglede, igjennom å vere nysgjerrig, fremje leikelyst, engasjement og meistring.
- - Fellesskap, igjennom samarbeid og demokrati
- - Ærlegheit, igjennom synlege haldningar

## Kompetansar

Skulen og personalet arbeider for å fremje desse kompetansane hos elevar, stipendiatar og tilsette:

- Sosial kompetanse
  - Samarbeid, fellesskap
- Sjølvinnsikt
  - Openheit, ærligheit, tørre å vise seg fram
  - Sjølvstende – å kunne ta val.
  - Vekst, eigenkompetanse
- Fagleg kompetanse
  - Begeistring, lærelyst, engasjement,
  - Refleksjonskompetanse
  - Leik og kreativitet
- Global kompetanse, - utvide horisonten mot den store verda
  - Respekt
  - Toleranse
  - Kunnskap

Danningsideal, - «Stå opp, stå fram, stå imot!»

### *Stå opp! - Kunnskapsdimensjonen*

*Vi arbeider for at våre elevar skal tileigne seg kunnskap innan for det fagfeltet som linja, valfaga og samværet elles på skulen rammar inn og nytte denne kunnskapen til å blir meir merksam på seg sjølv. Læring skjer i samhandling med andre og i praksisfellesskap der alle deltakarar lærer av kvarandre utifrå sin eigen ståstad. Vi ser på læring, sjølvinnsikt og tileigning av ny kunnskap som ein prosess som skjer mellom menneske. Såleis blir dialektikken mellom personleg utvikling og ny kunnskap sentralt i læringsprosessen.*

### *Stå fram! - Fellesskapsdimensjonen*

*Vi ynskjer at våre elevar skal utvikle evne til å stå fram med og kunne sette ord på og artikulere sine meiningar, draumar og idear. Vi vil bidra til at alle skal utvikle evna til å forstå og med sin kunnskap kunne vere kritiske og reflekterte. Vi arbeider for at alle skal ha høve til å bli merksam på andre og delta i samtalar og refleksjonsprosessar, munnleg og skriftleg, knytt til skulen sine mange formelle og uformelle læringsarenaer.*

### *Stå imot! - Samfunnsdimensjonen*

*Vi vil at våre elevar skal utvikle evne, lyst, mot og styrke til å bruke sin eigen kunnskap, sine egne meiningar, haldningar og erfaringar. Ved å bli merksam på verda rundt seg vil vi bidra til at våre elevar blir aktive både som medkraft og motkraft og som medvitne verdsborgarar i levande demokrati.*

### Læringsarenaer.

På Møre Folkehøgskule kunne elevane i skuleåret 21-22 velje mellom seks linjefag og eit spekter av ulike valfag. Den einskilde elev er deltakar på ei av skulen sine seks linjer i femten timar pr. veke. I tillegg er ein med på fire til seks timar valfag pr. veke, fellestimar og laurdagsseminar kvar laurdag, daglege morgonsamlingar og prosjektveker spreidd utover året. Dei ulike klassane har kvar si studiereise med ulike lengder til inn- og utland. Dette skuleåret hadde to klasser utflukter berre i Norge, og ikkje lange flyreiser. Alle elevar har i tillegg plikter knytt til reinhald, orden og kjøkkenteneste. Vi ynskjer at elevane skal få ny kunnskap gjennom aktivitet, erfaring og praktisk arbeid i størst mogleg grad.

Allmenndanning er eit kvalitativt omgrep som er sterkt relatert til dialektikken mellom handlings- og livskompetanse, og kunnskapslæring. Denne læringa skjer både gjennom undervisninga og i det bu- og arbeidsfellesskapet som Møre Folkehøgskule byr elevane. Eit målretta og fagleg fundert sosialpedagogisk arbeid med blick for den einskilde i elevane si fritid, er eit viktig innslag i arbeidet ved skulen. Slik blir det totale læringsmiljøet den viktigaste faktoren i den målrelaterte aktiviteten ved skulen. Grunnpillarane i eit godt læringsmiljø er gode relasjonar, trivsel og tryggleik.

# Prosedyrar for sjølvevaluering, kvalitetssikring og kvalitetsutvikling, - medverknad og funn.

## Innleiing:

Koronapreg på skuleåret.

I skuleåret 2021-2022 var målet for Møre Folkehøgskule å klare å gjennomføre eit så normalt år som mogeleg under den pågåande pandemien. Fokuset på smittevern knytt til korona-viruset har likevel påført skulen mykje ekstra arbeid og utgifter i form av stadig endra planar og gjennomførte smittevernstiltak. Det har vore inndeling i kohortar både i starten av skuleåret og også undervegs med ei klar målsetting om å kunne gjennomføre flest mogeleg av dei planlagde aktivitetane i klassene. Deretter har undervisning og aktivitetar blitt gjennomført stort sett som vanleg, men fellesaktivitetar og fellesundervisning har vi diverre måtte prioritere ned når smittekontroll har blitt prioritert opp.

Samarbeide med kommunen og kommuneoverlegen har vore ope og konstruktivt. Vi har hatt lett tilgang til testing og fått utlevert naudsynt tal på hurtigtestar. Vi gjennomførte også testing av alle (både tilsette og elevar) på eit punkt, før vi som resten av samfunnet måtte skifte taktikk då omikron-varianten til slutt kom inn over oss. Vi klarte å gjennomføre hausten så godt som utan utan smitte på huset, men ut på seinvinteren og våren hadde vi mange smitta samstundes. I ei periode var over halvparten av personalet og alle tilkallingsvikarar smitta samtidig, noko som gjorde undervisningssituasjonen krevjande i eit par veker.

## Evaluerings- og utviklingsarbeid

Evaluerings- og utviklingsarbeidet har til ein viss grad vore prega av at skulen har hatt uvanleg høgt sjukefråvær. Det meste av sjukefråværet har plausible forklaringar, men det fører til at vi må nytte mange vikarar og vere kreative på akutte løysingar i kvardagen. Oppfølging av sjukemelde er også utfordrande og arbeidskrevjande. Det blir såleis vanskelegare å finne tid til og gjennomføre felles utviklingsarbeid som skal prege den faglege framdrifta i verksemda.

Trivselen og samhaldet på arbeidsplassen er elles godt sjølv om vi også på vår arbeidsplass ser at vi har utfordringar vi må ta tak i.

Evalueringar og utviklingsarbeid har blitt gjort på ulike arenaer og med både kvantitative målingar og kvalitative metodar. Både elevar og tilsette er med på gjennomføring av evalueringane. Vi har delteke på sentrale elev- og tilsetteundersøkingar i tillegg til at vi også i år har gjennomført egne undersøkingar i elevmassen.

## Tema for kvalitetsutvikling:

### Fokus på dannelsperspektiv i undervisninga

Møre folkehøgskule har fire av seks klasser som har friluftslivsaktivitetar som fagfelt. Dette medfører at det blir sterkt fokus på aktivitetar og opplevingar i naturen på Sunnmøre. Mykje av læringa er knytt til å ferdast i fjellet, på barmark og på ski, på fjorden og langs kysten. Desse aktivitetane er både lærerike og spennande. To av skulen sine klasser er meir stadbundne og har høvesvis *animasjonsfilm* og *Kina* som sine fagfelt. Skulen har svært godt kvalifiserte lærarar som alle er sterke og engasjerte innanfor sine fagfelt.

For å styrke dannelsperspektiva i undervisninga var målet å arbeide på personalmøte og planleggingsdagar med ulike pedagogiske tema for å utvikle samtalen som pedagogisk og didaktisk tilnærming til dei aktivitetar som blir gjennomført. Det er klart eit behov for å fokusere på praksisfellesskap, samtalar i gruppe, samtalar mellom lærar og elev, - og generelt refleksjonsprosessar. Systematikk og kontinuitet i denne typen arbeid er avgjerande for å sikre at ein når dei dannelsmål og dannelsideal som er skissert ovanfor. Koronahandteringa gjorde at vi ikkje fekk gjennomført dette i den grad vi ønskja dette året.

Vi har m.a. som mål å sette fokus på:

- Leiarstil for lærarar, - korleis blir eg oppfatta og korleis ser eg andre?
- Ansvar for eiga læring, - eleven si deltaking i heilskapen i læringsprosessen
- Målstruktur, - prestasjonsorientert vs. læringsorientert kultur i undervisninga
- Dialogen som pedagogisk verktøy, - korleis aktivere elevane sine tankar og læraren som samtalepartner
- Tilnærmingar til ulike elevar, - sympati, antipati, empati
- Fundamentet for god undervisning, - kunnskap, kjærleik, visdom.
- Karriereveiledning for elevar, - med utgangspunkt i nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriereveiledning.

### Plan for helse – miljø – tryggleik, HMS

- Møre folkehøgskule har i samarbeid mellom administrasjonen og pedagogisk personale utarbeidd ein heilskapleg plan for HMS. Særskilt viktig i denne samanheng er dei rutinar som har blitt oppretta og gjennomført knytt til risikovurderingar for den einskilde aktivitet og tur. For utanlandsturane har det blitt utarbeidd beredskapsplanar der det blir tatt høgde for særpreget for dei ulike destinasjonane. HMS-planen er eit svært viktig bidrag til større tryggleik og førebygging av skader og ulukker for skulen og ikkje minst for den einskilde elev.
- Som ei vidareføring av dette arbeidet skal personalet arbeide med øvingar og case der ein tar utgangspunkt i HMS-planen og blir kjend med dei tiltak som er nedfelt der.



- Siste skuleåra har vi med utgangspunkt i dei erfaringar vi har gjort knytt til korona-situasjonen supplert planen med eit omfattande avsnitt knytt til ulike smitte-scenario som kan oppstå. Vi har planar for førebygging av smitte og for tiltak på ulike farenivå, og tiltak knytt til smitte på skulen.

## Elevevalueringar

- Elevane sine evalueringar har fokus på m.a. undervisninga i klassene, læring på og utanfor skulen, arrangement, seminar, trivsel på skulen og reiser. Dette blir gjennomført to gongar åreleg, med spørsmål som er samanliknbare år for år. Dette blir gjort ein gong før jul og ein gong ved skuleslutt.
- Spørjeundersøkingane er laga i Google-Docs der dei enkelte anonymt har svart med både kvantitativt og kvalitative svar. Undersøkinga er samanliknbar år for år. Spørjeskjema har blitt nytta som elevevaluering to gongar i skuleåret. På spørjeskjemaet har det vore utsegn som har blitt vurdert med 1=heilt ueinig og 6= heilt einig. Dette gjer det enkelt å lage statistikk og kunne samanlikne frå år til år. Vi vil sei at gjennomsnittsvurderingar over 5 er bra, over 4 er ok men vi bør sjå etter moglege utbetringar. Gjennomsnittsvurderingar lågare enn 4 er grunnlag for ta tak i, så sant økonomien gir rom for dette.

Elevevaluering gir til dels svært detaljerte tilbakemeldingar til både skulen og den einskilde lærar. Årets evaluering viser klart at skulen har eit potensiale for å forbetre følgande punkt

- Mat, servering
- Kontakten med personalet får ein lågare score dette skuleåret samanlikna med tidlegare år.
- Miljøet på skulen blir av enkelte ikkje vurdert å vere slik vi ønskjer dette. Dette har vi tatt tak i og forbetra rutinar for varsling og handtering av varsel. Vi kjem også til å sette eit klart fokus på miljø, tryggleik og trakassering både i felles- og klasseundervining når vi startar opp med nytt kull til hausten.
- I undersøkingane og samtalar med tilsette kjem det m.a. fram av vi treng ein betre heilskap i seminar tilbodet til elevane. Handteringa av stadig endra rammevilkår knytt til koronapandemien har gjort dette vanskeleg i året som var. Dette bør ha ein overordna plan og knytast saman med aktuelle aktivitetar og undervisning i forkant og etterkant.
- Skulen har som målsetting å lage ein klimaplan for drift og undervisning. Dette arbeidet har ikkje kome så langt som forventta inneverande skuleår.

Desse momenta blir med som grunnlag for planlegging av komande skuleår.

## Elevsamtalar

- Tre gongar årleg blir det gjennomført individuelle samtalar med elevar. Dette blir gjort etter oppsett plan og ein mal for dei ulike samtalanane.

- Oppsummering av samtalaner blir gjort i pedagogisk råd og delvis individuelt der det er særskilde behov.
- Generelt får skulen og personalet gode tilbakemeldingar og trivselen er høg, sjølv om vi ser enkelte utfordringar knytt til manglande fellesskap på tvers av klassene. Vi trur dette i stor grad kjem av dei val og prioriteringar vi måtte gjer grunna smittesituasjonen samt at dei elevkulla vi no får grunna den same smittesituasjonen har «mist» eit par viktige år i si sosiale utvikling og har enkelte manglar i erfaringar med å omgåast andre unge grunna isolering og kohortar.

### Assistentane (andreårselevar)

- Assistentane sitt arbeid og rolle evaluerer vi i samarbeid og i tillegg i samarbeid med pedagogisk personale i etterarbeidsveka.
- Det er utarbeidd eigen instruks og avtale for assistentane.
- Skulen har utarbeidd eit system for oppfølging og opplæring av assistentar. Dette omfattar følgjande:
  - Møter med klasselærar der ein førebur og evaluerer undervisning.
  - Regelmessige møter med inspektør som har fokus på ulike tema knytt til leiar opplæring.
  - Møte med internatleiar med fokus på sosialpedagogisk arbeid.

### Tilsette-evaluering

- Personale tar del i evaluering to gonger årleg. Dette er også ei undersøkinga som er laga i google-skjema og den einskilde anonymt har svart med både kvantitativt og kvalitative svar.

### Medarbeidarsamtalar

- Siste skuleår har rektor har medarbeidarsamtalar med alle i personalet. Det har blitt sett fokus på målsettingar for den einskilde sitt arbeid, med utgangspunkt i dei overordna verdiar og dannelsesideal for skulen.
- Samtalen er også utgangspunkt for å utarbeide ein plan for kompetanseutvikling for heile personalet, med utgangspunkt i den einskilde sine ynskjer og skulen behov for ny kunnskap. Den viktigaste kompetanse som skulen utviklar er likevel den erfaringsdeling og kunnskapsformidling som blir sett i system på planleggingsdagar, møter og i det daglege arbeidet.

### Kjøkkenet og matservering

- Vi har som mål å betre tilbakemeldingane for kjøkkenet sitt arbeid. Kjøkkenet har i samarbeid med elevar og adm. gjort justeringa i menyen og auka innslaget av vegetarmat.
- Det siste året har det m.a. blitt kjøpt inn ein stor kjøledisk som blir nytta til servering av grønnsaker og frukt. Dette er svært populært og har auka inntaket av frukt og grønt monaleg.

## Linjetilbudet

- Linjetilbud og fagleg innhald er i stadig endring, - meir eller mindre systematisk. For komande skuleår vil vi gå igjennom tilbod og struktur med eit mål om å ha fokus på felleskapen ved skulen samt dei gode opplevingane på linjene. Vi opplever no at talet på søknadar totalt er noko lavare enn dei siste åra, men at spesielt ei linje er populær. Dei to «Norgeslinjene» fekk svært få søknadar og blir ikkje starta opp komande skuleår. På strategiseminar med styret vart det bestemt å arbeide med struktur, fleksibilitet og fornying av tilbodet for å kunne tilby eit attraktivt produkt frå skuleåret 2023-2024.

## Fokus for sjølvevaluering skuleåret 2021 – 2022

Skulen har med ein del nye erfaringar frå «koronaåra» 2020 – 2022. Fokuset på fellesskapet på skulen er viktig, og vi har med inndeling i kohortar og mykje linjedelt undervisning tapt ein del av dette fellesskapet. Dette er viktig for sosial læring og for totalopplevingar av skuleåret. Å bidra til å bygge og ta del i fellesskap blir såleis viktig framover. Fokus for vidare utviklingsarbeid i skuleåret 2021 – 2022 var:

### Pedagogisk fokus

- Bygge gode fellesskap internt.
  - Vi planlegg endringar i oppstartfasen av skuleåret, der det blir sett i verk fleire fellesdagar og felles aktivitetsveker med aktivitetar og samtalar.
  - Elevane skal blandast på internata, ikkje installerast klassevis.
- Praksisfellesskap og samtalen som utgangspunkt for faglege og personleg læring.
  - Undervisning, kurs, samtalar og øvingar med lærarar og resten av personalet med fokus på samtalar med elevar.
- Sterkare fokus på eiga rolle og eigne handlingar i ei gruppe.
  - Tema for planleggingsdag: Korleis blir eg oppfatta i tilsettegruppa? Og korleis oppfattar eg andre?
- Sterkare medvit og kunnskap om dei overordna prinsipp og idear for arbeidet i folkehøgskulen.
  - Presentasjon, gjennomgang og oppgåver knytt til frilynt folkehøgskule sitt prinsippprogram.
  - Arbeid med målsettingar for skulen og undervisninga på alle nivå.
  - Arbeid med visjon for skulen.
- Heilskap i seminartilbodet.
  - Skissere målsettingar for seminartilbodet
  - Fokus på innhaldet i laurdagsseminar i forkant og etterkant og i fellestimar.
- Vidare arbeid med karriereveiledning.
  - I tillegg til opplæring av lærarar og seminar for elevar, er målsettinga å ha ei sterkare fokus på karriereveiledning gjennom skuleåret. Karriereveiledning er noko meir enn plan for vidare utdanning, og dette medvitet kan utviklast i samtalar spesielt i linjeundervisninga. Det viser seg at svært mange elevar har behov for denne typen veiledning. Dette arbeidet tar utgangspunkt i «*Nasjonale kvalitetsrammeverk for karriereveiledning.*» Skulen har knytt til seg ein ekstern veileder i dette arbeidet.
- Vidareutvikling av tilbodet og opplæringa av assistentane.

### Øvrig drift

- Klimaplan

- Landsmøtet i FHF gjorde i juni 2019 eit vedtak med følgande målsetting:  
«Folkehøgskulane skal sikre at drift og aktivitet på skulane bidrar til å redusere miljøutslepp med 40% innan 2030.» Dette er i tråd med nasjonale og internasjonale mål. Alle skular skal konkretisere sitt arbeid med ein årleg klimaplan, og dokumenter sine tiltak og effekten av desse. Målinga av utslepp tar utgangspunkt i 2019. Skulen sin klimaplan skal ha fokus både på konkrete tiltak og auke kunnskapen både for elevar og tilsette.
- Storvøling
  - Som ein del av klimaarbeidet blir det planlagt vidare utbygging av varmeanlegg og energisparande teknologi. Det har blitt monterast solfangarar på taket av ein av bygningane og vi vurderer utviding/forlenging av eksisterande bergvarmanlegg til også å omfatte hovudinternatet.
  - Skulen sin plan for storvølingstiltak skal ha utsleppsreducerande tiltak som eit viktig kriterium for dei prioriteringar som blir gjort.

### Anna utviklingsarbeid

I tillegg til hovudfokus for sjøvevalueringa skal skulen i tillegg på rutinemessig vis gjennomføre elevevaluering og tilsetteevaluering etter same mal som tidlegare år. Vi har både kvalitative og kvantitative Arbeidet med HMS-plan skal vidareførast og vidareutvikling av kjøkkenet sine tenester og arbeidsvilkår blir eit eige fokusområde.